



Landbruk  
Laila Bjørge  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16379 - 21/12334

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2021

## Oversender søknad til uttale - gbnr 223/3/1 Setre

**Tiltak:** Frådeling  
**Byggjestad:** Gbnr: 223/3  
**Tiltakshavar:** Jakob Høyland  
**Ansvarleg søkjar:** Raymond Handeland

Saka gjeld søknad om deling av tomt til fritidsformål. Tomta er i dag festetomt nr.1 under gbnr 223/3. Det er søkt om frådeling til uendra bruk.

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland godkjende frådeling av parsell til «gjætarhytte» 24.07.1975.

Frådeling av tomt for sauesanking vart godkjent i Lindås bygningsråd 19.08.1975. Kjøpar var Nøtlevåg beitelag.

Me har ikkje funne at tomta vart skyldelt. Festekontrakt vart tinglyst 11.03.1976. Festkontakten inneheld grenseskildring. Skøyte med «tiltransportert festekontrakt» frå Edvin Vågstøl til Bente Tvedt tinglyst 28.08.1991.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås) sin arealdel er definert som LNF område. Eigedomen ligg innafør omsynsone for friluftsliv og bandleggingssone for Eikefetvassdraget, H740. Området er omfatta av verneplan for Eikefetvassdraget.

### VURDERING

#### Dispensasjon

Kommunen har vore i kontakt med NVE om dei skal ha saka på høyring. Muntleg tilbakemelding på at det ikkje er naudsynt då saka ikkje medfører endring i forhold til eikefetvassdraget.

